

Populære konfirmasjonskort på nynorsk.

04.05.2017



Det er snart utselde for dei populære konfirmasjonskorta på nynorsk.

Det er konfirmasjonstid. Mest alle konfirmasjonskorta på SPAR Uskedalen er utselde. Styret i Kvinnherad mållag merka seg tidleg at konfirmasjonskorta i år var på nynorsk. No syner det seg at det er lite kort att i reolen. Det er ei gladmelding til alle 150 medlemene i Kvinnherad mållag og vidare ut til alle mållaga i Noregs mållag.

SPAR Uskedalen vart tildelt Målblomen for 2014. Bakgrunnen for tildelinga var at SPAR ved nyopninga i 2012 var det første butikken i kjeden med nynorsk profil. All teksting på profilelementa var på nynorsk.

Seinare har andre SPAR butikkar gjort som i Uskedalen. Nynorsk tekst på skilt og profilelement er ein medverkande faktor til god og nær kundekontakt.

Men som sagt: Dersom du enno ikkje har sikra deg konfirmasjonskort til helga, spring og kjøp.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal